# KOMMUNEPLANENS HANDLINGSDEL

## Innleiing

> Plan og bygningslova § 11-2. 3. ledd: «Kommunedelplaner for temaer eller virksomhetsområder skal ha en handlingsdel som angir hvordan planen skal følges opp de fire påfølgende år eller mer. Handlingsdelen skal revideres årlig».

Kommuneplanen skal ha ein handlingsdel som viser korleis kommuneplanen skal følgjast opp dei neste fire åra eller meir. Handlingsdelen bygger på kommuneplanens samfunnsdel med same mål, satsingsområde og tiltak. I handlingsdelen kjem ein oversikt over status for dei ulike tiltaka, samt prioritering mellom tiltaka og ressursbehov.

Det er ei stor utfordring å oppfylle ambisjonane i kommuneplanens samfunnsdel og i kommuneplanens handlingsdel. I mange tilfelle vil det vera behov for ekstra ressursar for å kunne gjennomføre tiltaka. Ressursar må då tilførast gjennom eigne midlar frå budsjettet og/eller med ekstern finansiering.

Handlingsdelen skal reviderast årleg. I rulleringa skal kommunen innhenta synspunkt frå statlege og regionale organ og andre som har ansvar for gjennomføring av tiltaka i handlingsdelen. Økonomiplanen kan inngå i kommuneplanens handlingsdel.

## Vurdering av tiltak i handlingsdelen

### Ansvar

Einingane ved einingsleiarane har ansvar for gjennomføring av tiltaka. Ansvaret kan og vera lagt direkte til rådmannen eller politisk ved ordførar. Rapportering skjer via årsrapporten.

### Prioritering

Handlingsdelen prioriterer tiltak etter følgande modell:

A. Tiltak som skal gjennomførast i løpet av dei neste fire år. Dette er tiltak som er skal gjennomførast som følgje av avtaler, tidligare vedtak og tiltak ein meiner er naudsynt å setja i verk for å nå målsetningane i kommuneplanen.

B. Tiltak som skal startast opp i løpet av neste økonomiplanperiode 2016-2020. Dette er tiltak som vi ynskjer å gjennomføra for å oppfylle eigen visjon og målsetningar.

C. Tiltak som skal startast opp i løpet av planperioden for kommuneplanens samfunnsdel 2013-2023.

Ei god samankobling mellom handlingsdelen og årsbudsjett/økonomiplan er når alle A-prioriterte tiltak i handlingsprogrammet som krev ekstra ressursar frå kommunen er med i årsbudsjettet og økonomiplanen. B-tiltak er tiltak ein tek sikte på å få inn i økonomiplanen i løpet av neste økonomiplanperiode. Dersom det i økonomiplanperioden ikkje vil være ressursar til å gjennomføra A-prioriterte tiltak, bør ein flytta desse frå A og til B-prioritering i kommuneplanens handlingsdel.

## Ressursar

I en del tilfelle kan tiltak i handlingsprogrammet gjennomførast utan tilførsel av ekstra ressursar frå kommunens budsjett. Desse tiltaka kjem ikkje til syne i handsaming i årsbudsjett/økonomiplan. Tiltak som ikkje treng ekstra ressursar frå budsjettet kan likevel påverka handlingsrommet kommunen har ved at ein bind opp personellmessige og organisasjonsmessige ressursar.

# Arbeidsplassar

**Hovudmål:**
**Utvikla gründerånd og eit allsidig næringsliv i kommunen med fokus på kompetansearbeidsplasser**

**Delmål 1: Utvikla det kommunale tilbodet med spesielt fokus på næringslivet sine behov og ynskjer:**

| Tiltak | Prioritet | Ansvarleg eining | Status | Ressursbehov |
|---|---|---|---|---|
| Gjennomføra brukarundersøkingar og mest mogleg brukartilpassa opningstider for barnehagane og SFO. | A | Barnehagane | | |
| Enkle førespurnader frå næringslivet skal få svar innan maks 2 dagar. | A | Plan og Drift | | Interne |
| Rask sakshandsaming på saker som gjeld næringslivet etter lovverket som kommunen forvaltar. Tilbakemelding/vedtak innan 15 dagar. | B | Plan og Drift | | Interne |
| Kommunen stiller ressursar til rådvelde for anna bistand retta mot næringslivet som t.d. oppfølging av Hægebostad Næringsforum, og held minst eit temamøte for næringslivet kvart år. | A | Plan og Drift | | Utgifter til bevertning o.a Kr. |
| Fremma fleirkulturell rekruttering og legga til rette for betra inkludering i arbeidslivet | B | Rådmannen | | |

**Delmål 2: Eigen strategi for kvinnelege etablerarar/gründerar:**

| Tiltak | Prioritet | Ansvarleg eining | Status | Ressursbehov |
|---|---|---|---|---|
| Etablera ein «mentorbase» med minst 6 personar frå næringslivet som kan hjelpa både etablerarar og nyetablerte bedriftseigarar i dei ulike fasane. Mentorbasen skal bestå av både kvinner og menn. | A | Plan og Drift/Hægebostad næringsforum | Har ikkje kome i gang | Interne.<br>20 t a kr. 1000,-<br>Totalt 20 000,- |
| Årleg gründerkonkurranse. Beste ide blir premiert. Kvart tredje år eigen pris til beste kvinnelege etablerar i kommunen. | B | Plan og Drift/Hægebostad næringsforum | | Beløp til premie kr. 10 000,-<br>2015 |
| Kommunen stiller ein fast kontorplass til disposisjon for etablererar med nødvendig infrastruktur. | A | Plan og Drift/Hægebostad næringsforum | Ferdig etablert med 3 plassar | Kostnad pr plass pr år kr. 30 000,- frå 2014, evt dekka av utviklingsfond |
| Utvikla eit samarbeid mellom skule og næringslivet for å stimulera til utdanning og tilby attraktive lærlingplassar. | C | PLD/Hægebostad Næringsforum/Skulane/Byremo vg | | |

| **Delmål 3: Arbeida med ulike infrastrukturtiltak som vil styrka næringslivet og etableringar:** | | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Tiltak** | **Prioritet** | **Ansvarleg eining** | **Status** | **Ressursbehov** |
| Mobildekning og breiband (fiber) til alle bedrifter i kommunen. | **C** | Rådmann/ordførar | | |
| Kommunen tek ei aktiv rolle for å betra kommunikasjonane i kommunen, både veg og togstopp. Ein bestemt person i kommune får dette som ein del av sine arbeidsoppgåver. | **A** | Plan og Drift | | Interne |
| Utarbeida skiltplan for heile kommunen i samarbeid med næringslivet. | **B** | Plan og Drift | | |
| Aktiv marknadsføring av kommunen, tilboda og næringsareala gjennom ein eigen marknadsføringsplan. | **A** | Plan og Drift | | Interne. Eksterne ca kr. 100 000,- i 2014. Dekkast av utviklingsfondet |

| **Delmål 4: Ulike prosjekt i samarbeid med primærnæringane for styrke/ oppretthalde desse:** | | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Tiltak** | **Prioritet** | **Ansvarleg eining** | **Status** | **Ressursbehov** |
| I samarbeid med faglaga bistå i etablering av ulike prosjekt innan jord og skog for å styrka desse næringane. Mål om minst eit prosjekt gåande i planperioden. | **B** | Plan og Drift | | |
| Stimulera naturbasert næringsutvikling og til rydding av kulturlandskap og ferdselsvegar/turstiar med nødvendig skilting, parkeringsplassar m.v. etter avtalar med grunneigarane. | **B** | Plan og Drift | | |
| Forbetra fiskekvaliteten i Lygne og Lygna gjennom ulike tiltak som oppfisking og andre tiltak | **A** | Plan og Drift | | |

# Omdømme

**Hovudmål:**
**Hægebostad kommune skal bidra til at kommunen sitt omdømme vert utvikla positivt - både som tenesteytar med høg kvalitet og som attraktiv bukommune.**

**Hovudtiltak:** Laga kommunikasjonsstrategi

## *Delmål og tiltak for kommunen som tenesteytar og arbeidsgjevar*

| **Delmål 1: Positiv utvikling av kvaliteten på kommunen sine tenestar:** | | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Tiltak** | **Prioritet** | **Ansvarleg eining** | **Status** | **Ressursbehov** |
| Jobba for å få fleire større stillingar | A | Rådmannen | | |
| Gjennomføra kurs og kompetanseutvikling for ansatte for å nå kommunen sine målsetjingar | A | Rådmannen | | |
| Jobba for å redusera sjukefråvær | A | Rådmannen, einingsleiarar | Kontinuerlig | |
| Aktiv bruk av rettleiar frå Likestillings- og diskrimineringsombudet om likeverdige tenester i praksis. | A | Rådmannen, einingsleiarar | | |

| **Delmål 2: Gjera ansatte til gode ambassadørar for eigen arbeidsplass:** | | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Tiltak** | **Prioritet** | **Ansvarleg eining** | **Status** | **Ressursbehov** |
| Merkevarebygging av Hægebostad kommune (mellom anna tiltak frå Kommunikasjonsstrategien) | A | Plan og Drift | | |
| Sosiale arrangement<br>✓ Ha 2 sosiale arrangement for heile kommunen i løpet av året (inkl. personalfesten)<br>✓ Eit arrangement for kvar eining per år | A | Rådmannen/ einingsleiarane | Igangsatt | |
| Bevisstgjera og myndiggjera ansatte:<br>✓ Gjennom medarbeidarsamtalar<br>✓ Gjennom å utarbeida interne arbeidsmiljøreglar lokalt på eininga og gå i gjennom desse på personalmøter mv. | A | Rådmannen/ einingsleiarane | | |
| Fremma god helse og trivsel på arbeidsplasse | A | Rådmannen, einingsleiarar | | |

| Delmål 3: Hægebostad kommune skal bli meir synlege i media: | | | | |
|---|---|---|---|---|
| ***Tiltak*** | ***Prioritet*** | ***Ansvarleg eining*** | ***Status*** | ***Ressurs behov*** |
| Hægebostad kommune skal ha mediaoppslag kvar månad gjennom å aktivt produsera pressemeldingar | A | Rådmannen | Igangsatt for skulene, barnehagen jobbar med dette | |

## *Delmål og tiltak for kommunen som bukommune*

| Delmål 1: Gjera innbyggjarane til gode ambassadørar: | | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Tiltak** | **Prioritet** | **Ansvarleg eining** | **Status** | **Ressursb ehov** |
| Setta av ressursar for å få fram gode historiar – både om innbyggjarar og kommunen sine tilbod | A | Rådmannen | | |
| Ta fatt i konkrete problem og vera løysingsorienterte | A | Rådmannen | | |
| Legga til rette for tovegskommunikasjon med innbyggjarane | A | Rådmannen | | |
| Utarbeida strategi for bruk av sosiale media (del av Kommunikasjonstrategien) | A | Rådmannen | | |
| Laga eiga heimeside/app for Lygnanytt – i tillegg til papirutgåva | B | Rådmannen | | |
| Utarbeida strategi for å gjere born og unge stolte av kommunen si historie og glade i kommunen som oppvekstkommune | A | Rådmannen | | |
| Bruka potensialet i fleirkulturelt mangfald blant innbyggarane. | B | Rådmannen | | |

| Delmål 2: Tilrettelegga for at lag og foreiningar skal kunne utvikla seg: | | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Tiltak** | **Prioritet** | **Ansvarleg eining** | **Status** | **Ressursbehov** |
| Gjera alle lag og foreiningar tilgjengelege på heimesida gjennom ein oversikt over aktive lag, linkar, facebookgrupper osb. Elles nytte Lygnanytt, facebook og heimesida til å informera om lagas møter og arbeid | A | Rådmannen | | |
| Gratis bruk av idrettsanlegg, skuler og symjehallar for alle lag og foreiningar | B | Plan og Drift | | |
| Samarbeida med lag og foreiningar om å legga til rette for lågterskel friluftsaktivitetar | B | Plan- og Drift | | |

| Delmål 3: Synleggjera Hægebostad som god bukommune: | | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Tiltak** | **Prioritet** | **Ansvarleg eining** | **Status** | **Ressursbehov** |
| Del av Kommunikasjonsstrategien | A | Plan og Drift | | |
| Arbeida for å utvikla eit betre kulturtilbod i kommunen | A | Plan og Drift | | |
| Realisera «Prosjekt Tursti langs Lygne» i samarbeid med Vest-Agder fylkeskommune | B | Plan og Drift | | |
| Tilby sommarjobbar til jenter (18-25 år) under utdanning i samarbeid med næringslivet for å styrke tilhøyrigheten til heimstaden. | B | Plan og Drift/ Hægebostad Næringsforum | | |
| Styrka det lokale tilhøyre for utflyttarar ved å aktivt bruka sosiale media til informasjon om tilbod/tenester og bilete/forteljingar frå bygda. | A | Rådmannen | | |

# Likestilling

**Hovudmål:**
**Utvikla ferdigheiter, kunnskap og haldningar som på sikt kan føra til like og auka moglegheiter for begge kjønn innanfor utdanning, arbeid, politikk og fritidsaktiviteter**

| **Delmål 1: Gutar og jenter i vår barnehage skal oppleva at dei har like moglegheiter til aktivitet, leik og læring utan begrensingar av tradisjonelle forventningar til kjønnsroller:** | | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Tiltak** | **Prioritet** | **Ansvarleg eining** | **Status** | **Ressursbehov** |
| Styrka kompetansen til personalet i barnehagane (kurs via Likestillingssenteret) | A | Barnehagane | Igangsatt | Internt+prosjektmidlar |
| Frikjøp av tid for å jobba med likestilling internt i barnehagane, blant anna gjennom refleksjon, kartlegging og praksisforteljingar. | A | Barnehagane | | |
| Involvera borna gjennom samtalar og refleksjon | A | Barnehagane | | |
| Involvera foreldra gjennom foreldremøter, praksisforteljingar og likestilling i planane | A | Barnehagane | | |
| Bevisst fokus på korleis ein møter borna | A | Barnehagane | | |

| **Delmål 2: Auka andel menn ansatt i kommunens barnehagar og skuler. Kjønnssamansetninga skal vera lik landsgjennomsnittet:** | | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Tiltak** | **Prioritet** | **Ansvarleg eining** | **Status** | **Ressursbehov** |
| Betala deler av utdanninga mot ei bindetid | B | Rådmannen | | |
| Fokus både på karriererettleiing på borne-/ungdomstrinnet og omskolering av vaksne | A | Skulene, rådmannen | | |
| Fokus både på karriererettleiing på borne-/ungdomstrinnet og omskolering av vaksne | A | Skulene, rådmannen | | |
| Bestefedre til hospitering i barnehage | B | Barnehagane, FAU | | Tid til organisering |
| Gje gutar tilbod om praksisplass | A | Barnehagane, skulene, rådmannen | | |
| Ved utlysing av stillingar skal det leggast vekt på at tekst og biletbruk og skal appellera til menn. | A | Rådmannen | | |
| Bruka føresegn om kvotering av menn i «Forskrift om særbehandling av menn» (1998) | A | Rådmannen | | |

| **Delmål 3: Likestilt foreldreengasjement i barnehage og skule:**<br>**Mor og far skal ha moglegheit til å delta på lik line i kvardagslivet til barnet.** | | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Tiltak** | **Prioritet** | **Ansvarleg eining** | **Status** | **Ressursbehov** |
| Invitera begge foreldra til foreldresamtaler, skriva på invitasjonen at fedre blir oppfordra til å delta. | A | Barnehagane og skulene, FAU | Igangsatt | Ingen |
| Foreldremøte blir lagt til dagar utan store hendingar | A | Barnehagane og skulene, FAU | Igangsatt | Ingen |
| Ta kontakt med far når borna er sjuke | B | Barnehagane og skulene, FAU | Må få ut info til personale og foreldre | Ingen |
| Ein av kvart kjønn i råd og utval, begge blir invitert til alle møtene | A | Barnehagane og skulene, FAU | Igangsatt | |

| **Delmål 4: Språk som nøkkel til betre likestilling.**<br>**Fremma leseferdigheiter, spesielt blant gutar ved å utvikla gode lesestrategiar og stimulera til auka bruk av litteratur i ulike samanhengar** | | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Tiltak** | **Prioritet** | **Ansvarleg eining** | **Status** | **Ressursbehov** |
| Fokus på språkstimulering i barnehage | B | Barnehagane | | Midler til innkjøp av litteratur/virkemidler |
| Auka fokus på å arbeida med gode lesestrategiar | B | Skulene | Fokus er allereie svært høgt, men satsing på eigen leseopplæringsplan, leseprosjekt, skulebibliotek og lyttevener. | Kompetanseheving av personale 10.000 pr år pr skule |
| Lesestimuleringstiltak på mange og ulike arenaer | A | Barnehagane, skulene | Leseopplæringsplan, leseprosjekt, skule-bibliotek, lesevake, lesedag, forfatterbesøk og lytte-venner | Auka overføring til skulebiblioteka/skule/bh |
| Sikra breidde og variasjon i litteraturutvalget og at litteraturen som blir presentert med både gutar og jenter i hovudrolla | A | Barnehagane, skulene | Skulane er på veg. | Auka overføring til skulebiblioteka/skule/bh |
| Stimulere gutar og fedre som litteraturbrukarar og formidlarar | B | Barnehagane, skulene, FAU | Ønske om forfatter-besøk der forfatteren retter seg mot gutter/ menn | 10.000.- pr år. |
| Litteraturformidling gjennom skule og bibliotek | A | Skulene | Klassene har faste timer på biblioteket hver uke | Bruker rammetimer til denne undervisninga |
| Temakveldar for foreldre | A | Barnehagane, skulene, FAU | | |
| Lyttevener i skule og barnehage | A | Barnehagane, skulene | Igangsatt på Eiken skule | Internt, kun reisekostnader |

| **Delmål 5: Auka fokus på utradisjonelle yrkesval for kvinner og menn:** | | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Tiltak** | **Prioritet** | **Ansvarleg eining** | **Status** | **Ressursbehov** |
| Stimulera menn til å ta høgare utdanning - andel menn med høgare utdanning skal være lik landsgjennomsnittet | C | Skulene | | |
| Fokus på behov for kompetanse innan matematikk og realfag | A | Skulene | | |
| Gje gutar sommarjobb i helsevesen eller barnehage. | A | Barnehagane, Helse og sosial | | |
| Vitjing på eldreheim av småskuleklassar (Norge rundt modell) | C | Skulane | | |
| Stimulera fleire jenter til utradisjonelle yrkesval ved aktiv bruk av kvinnelege rollemodellar og hospitering på ein typisk mannsarbeidsplass | A | Skulane | | |
| Stipend for gutar og jenter | B | Rådmannen | | |
| Ungt entreprenørskap | C | Skulene | | |
| Involvera rådgjevar/leiing på ungdomsskulen | A | Rådmannen | | |

| **Delmål 6: Auka kvinners deltaking i lokal- og regionalpolitikken<br>Minst 40 % av representantane i kommunestyret bør vera kvinner:** | | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Tiltak** | **Prioritet** | **Ansvarleg eining** | **Status** | **Ressursbehov** |
| Opplæring av nominasjonskomitéane | A | Ordførar, rådmannen | | |
| Facebookgruppe som stimulerer til kvinner i politikken | | Ordførar | | |
| Folkemøter og temakveldar med fokus på kvinners rett, plikt og moglegheiter til å delta | A | Ordførar, rådmannen | | |
| Fokus på mediatrening og politikaropplæring | A | Ordførar, rådmannen | | |
| Ungdomsråd med streng kjønnskvotering (50/50) | A | Ordførar | | |
| Vitjing av formannskapet på skulene | A | Ordførar | | |
| Skapa politisk engasjement blant barn og unge (ungdomspolitikarar på fylkesnivå) | A | Ordførar | | |
| Fokus på alderssamansetning, etnisitet og nedsett funksjonsevne | A | Ordførar | | |

| **Delmål 7: Trekka fleire kvinner inn i arealplanlegginga.<br>Minst 20 % kvinneandel** | | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Tiltak** | **Prioritet** | **Ansvarleg eining** | **Status** | **Ressursbehov** |
| Folkemøter, bruk av «Checklistan» frå Sverige kan bidra til at fleire kvinner møter opp. | **B** | Plan- og drift | | |
| Nærmiljøvandring, som innebærer at eit antal personar blir invitert til en førebudd gåtur gjennom eit område. | **B** | Plan- og drift | | |
| Problemstilling blir lagt ut på heimesida. | **B** | Plan- og drift | | |
| Få innspel frå skulelevar ved bruk av skuleprosjekt. | **B** | Plan og Drift | | |

| **Delmål 8: Friskliv i eit likestillingsperspektiv<br>Best i Agder** | | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Tiltak** | **Prioritet** | **Ansvarleg eining** | **Status** | **Ressursbehov** |
| Det blir oppmoda til at frisklivssenteret blir brukt som ei plattform til å fremma likestillingsverdiane hos alle aktuelle lag og organisasjonar. | **B** | Helse og sosial | | |
| For å stimulera arbeidet med å fremma likestillingsverdiar i lag og organisasjonar, kan det søkast om økonomisk støtte. | **A** | Rådmannen | | |
| Arbeida for å få aktivitetar for alle med uansett kjønn, alder, etnisitet eller nedsett funksjonsevne. | **B** | Skulane/Helse og Sosial/Plan- og drift | | |

# Tenestetilbod

**Hovudmål for kommunens tenesteproduksjon:**

**Kommunen skal tilby og levera tenester av høg kvalitet tilpassa utviklinga i samfunnet, innanfor vedtekne økonomiske rammer. Kommunen skal ligga på gjennomsnittet av kommunegruppe 5 i forhold til KOSTRA (Kommunal Statlig RApportering).**

**Delmål 1: Sjukefråværet skal ikkje vera høgare enn 6 % i året:**

| Tiltak | Prioritet | Ansvarleg eining | Status | Ressursbehov |
|---|---|---|---|---|
| Aktiv oppfølging av sjukemeldte i tråd med IA avtalen | A | Rådmannen | | |
| Fokus på arbeidsmiljøet, både det fysiske og psykiske | A | Rådmannen | | |
| Årleg gjennomføring av arbeidsmiljøundersøking | A | Rådmannen | | |
| HMS planen skal viderast innan 2013 | A | Rådmannen | | |
| Tiltak for å få ned sjukefråvær blant kvinner- jmf gjeldande HMS-plan | A | Rådmannen/einingsleiarar | | |

**Delmål 2: Hægebostad kommune skal ta i bruk ressurssparande teknologi og bruka teknologi for å betra kvaliteten på tenesteproduksjonen:**

| Tiltak | Prioritet | Ansvarleg eining | Status | Ressursbehov |
|---|---|---|---|---|
| Innan 2015 skal dei mest brukte skjema være elektronisk tilgjengelige | A | Rådmannen | | |
| Det skal innan 2015 ha blitt gjennomført 2 prosjekt i kommunen som har resultert i ressursinnsparing pga. innføring av ny teknologi | A | Rådmannen | | |
| Vera oppdatert på dei siste versjonane av dei mest brukte datahandsamingssystem. | A | Rådmannen | | |
| Det må gjennomførast nødvendig kompetansetiltak for å bruka eksisterande og ny teknologi. | B | Rådmannen | | |

**Delmål 3: Kommunen skal levera likeverdige offentlig tjenester:**

| Tiltak | Prioritet | Ansvarleg eining | Status | Ressursbehov |
|---|---|---|---|---|
| Det skal utarbeidast serviceerklæring for alle hovudtenesteområde for einingane innan 2015 | A | Rådmannen | | |
| Annankvart år skal det gjennomførast ekstern undersøking i ei av eningane med omsyn til kvalitet og tjenesteproduksjon | A | Rådmannen | | |
| Alle tenester skal så langt som mulig leverast etter søkjarens ynskje innanfor gjeldande lovar og forskrifter, serviceerklæringar og vedtak | A | Rådmannen | | |
| Ved all planlegging skal ein ta omsyn til universell utforming | A | Plan og Drift | | |
| Det skal gjennomførast brukerundersøking kvart år for minst ei av einingane i kommunen | A | Rådmannen | | |

| Delmål 4: Kommunen skal kunne levera livsnødvendige basistenester til innbyggarane i ein krisesituasjon: | | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Tiltak** | **Prioritet** | **Ansvarleg eining** | **Status** | **Ressursbehov** |
| Annankvart år skal det gjennomførast ROS (Risiko Og Sårbarhetsanalyser) analyser for kommunens tenesteområde og utarbeida risikodempande tiltak. Spesielt bør ein sørga for gode kommunikasjonsrutiner ved bortfall av straum- og mobilnett | **A** | Rådmannen | | |
| Kommunen skal gjennomføra beredskapsøvingar kvart 2. år | **A** | Rådmannen | | |
| Etablera rutinar for oppdatering av planverket for beredskap i tråd med forskrift om kommunal beredskapsplikt. | **A** | Plan- og drift | | |
| Laga føresegner for korleis samfunnssikkerhet skal takast hand om i overordna arealplanlegging. | **A** | Plan- og drift | | |

| Delmål 5: Folkehelse – kommunen skal stimulera til god folkehelse hos innbyggjarane i kommunen: | | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Tiltak** | **Prioritet** | **Ansvarleg eining** | **Status** | **Ressursbehov** |
| Det skal arrangerast byttemarknad for friluftsutstyr<br>1 gong pr. år på kvar av skulene | **C** | Skulene | | |
| Stimulera det frivillige organisasjonsliv, og gjennomføra ei årleg samling med folkehelse og frivillig arbeid som tema | **B** | Helse og sosial | | |
| Tilrettelegga for uteaktiviteter med spesielt fokus på skule- og barnehage | **A** | Barnehagane, skulene | | |
| I arealplanlegginga skal det leggast spesielt vekt på sikre samanhangande turstiar i nærområdet | **B** | Plan og Drift | | |
| Etablera frivillighetsentral | **A** | Helse og sosial | | |
| Utvikla kommunen som idretts- og friluftslivkommune i samarbeid med regionale myndigheiter | **B** | Plan og Drift | | |
| Folkehelse har fokus i alt av kommunens arbeid; saksbehandling, planar, dokument og aktivitetar | **B** | Rådmannen/einingsleiarar | | |
| Samarbeide med NAV for å inkludere og betre helsa hjå alle grupper i samfunnet | **B** | Helse – og sosial | | |
| Utarbeida helse og omsorgsplan med folkehelse og helsefremming som eige tema | **A** | Helse- og sosial | | |

Sist revidert 18.11.13